



Lina Håland gler seg til å møta att konfirmantane i Uskedalen. (Arkivfoto)

Tidlegare sokneprest, Lina Håland, er på plass i Uskedalen for klargjering til den store konfirmasjonshøgtida på sundag. Det var eit ynskje frå konfirmantane og foreldra deira om at Lina Håland kom til Uskedalen for å konfirmere dei 21 konfirmantane. Organist på sundag er kantor Eva Megyesi. Soknerådet helsar konfirmantane med bokgåve og rose.

Lina Håland, som frå desember 2018 har vore sokneprest i Sandnes kyrkje, fortel til Uskedalen.no at ho gler seg til å sjå og møta att konfirmantane. Det var ho som starta konfirmantførebuinga før ho vart tilsett i ny stilling i Sandnes.

Preiketeksten for 4. sundag i Påsketida er henta frå Johannes, 14, 1 - 11 om Vegen, sanninga og livet. Lina fortel at ho vil halda seg til versa 1 - 6 om at Gud grip oss. Trua er ikkje noko vi skal begripa. Å tru handlar om tillit.

Gruppe 1: kl. 11:

- Åsne Hjelmeland Arnesen
- Mathias Nilsen Børve
- Torbjørn Haugland
- Anders Isdal Myklebust
- Helene Myklebust
- Tørres Tungesvik Myklebust
- Emma Måkestad Smidth
- Birk Sæle
- Selma Ovidia Guddal Tarberg
- Åshild Johanne Bondhus Vivelid
- Kristian Da silva Øvstebø

Gruppe 2: kl. 13:

- Karsten Huse Bjørnebøle
- Vidar Kildal Eidsvik
- Marius Kyrkjeeide Eidsvik
- Mats Kyrkjeeide Eidsvik
- Sander Andreas Øye Eikenes
- Helene Saghaug Kjerpeseth
- Johan Saghaug Kroka
- Gard Haugland Lunde
- Celine Musland
- Emma Myklebust Ripel

Uskedalen.no ynskjer alle lukka til på den store konfirmasjonsdagen, søndag 12. mai 2019.

Hugs: Alle flagg til topps.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Soknerådet i Uskedalen helsar alle konfirmantane med bokgåve og ei rose.(Arkivfoto)